

Komler, søndagsmiddag, men også litt endringar.

25.04.2017



Denne veka vert det både komle, søndagsmiddag og private arrangement på Oska.

**Denne torsdagen vert det igjen komlebuffè på Oska. Søndagsmiddag vert det også denne helga. Fredag og laurdag vert det endringar i høve til tidlegare oppsette program. Desse dagane vert det private arrangement på den populære restauranten ved båthamna i Uskedalen.**

Torsdag er det altså på ny komlebuffè med godt tilbehør som saltkjøt, korv, bacon og kålrotstappe. Søndagsmiddag vert det og. Den vert som vanleg servert på heimekoseleg vis i skåler ved borda. Denne søndagen vert det servert marinert langtidsteikt oksesteik med soppstuing, rotgrønsaker og sjysaus, og så er det sjokoladedessert etterpå. Hugs å bestille på førehand.

'Lønningstreffet' med tapas som var så populært sist det vart arrangert, og som var planlagt fredag, må dessverre utsetjast. Då vert det privat arrangement. Men dette tilbudet som er retta mot arbeidsplasser og vennegjengar, er snart tilbake, lovar Roy Lervåg.

Elles minner vi om at det er klart for ein ny jazzkveld på Oska den 5.mai. Då kjem songaren Marita Moe Sandven og bassisten Ole Amund Gjersvik på besøk.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland